

Lindås pensjonistlag og Lindås bygdelag

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1828 - 16/12198

Saksbehandlar:

Nina Bognøy

ordforar@lindas.kommune.no

Dato:

04.05.2016

Post på Lindås

Ordførar delar dykkar uro for at Post på Lindås forsvinn frå Kiwi, Lindås senter og ser utfordringane som ei flytting til Mongstadkrysset vil medføra for innbyggjarane på Lindås. Ordførar Astrid Aarhus Byrknes var i kontakt med Posten når dette vart kjend tidligare i år. I kommunikasjonen så stadfester ein at Lindås kommune ikkje er part i denne saka, LK er ikkje høyringsinstans og har inga mynde i saka.

Lindås kommune kan berre oppfordra til at ein vurderer og søker løysing for Post på Lindås. Post i butikk vert styrt av Posten og butikkar ved anbudsavtaler som kommunen ikkje kan styra eller påverka. Slik ein kan lesa kommunikasjon og avisoppslag om saka så er det ikkje butikkar eller andre på Lindås som ønskjer å utføra denne tenesta.

Så til spørsmålet om Lindås har vore involverte så kan ein visa til dialog mellom Posten og Ordførar som klargjorde kommunens manglande muligheit til å styra posttenestene.

Til spørsmålet om Lindås kommune har vore involvert i saka viser ein til ovannemnde.

Med helsing

Nina Bognøy
ordførar

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:

Lindås pensjonistlag og Lindås
bygdelag